

Referat SMU 13.11.2018

Til stade: Aina Espedal (elevråd), Inger Ann Gjulem Haukalid (FAU), Hege Tungland Langbakk (FAU), Gunleif Haukelid (politikar), Katrin Persche (andre tilsette) og Monica Helgøy (rektor)

Sak 14/18 Godkjenning referat

Godkjent med retting av namn

Sak 15/18 Val av leiar, nestleiar og referent

Leiar: Kjem tilbake til dette.

Nestleiar: Gunleif Haukelid

Referent: Katrin Persche

Sak 16/18 Elevundersøkinga

Før elevundersøkinga vart gjennomført, jobba dei ulike avdelingane med kva spørsmål dei ville ha svar på. Etter at resultatane kjem skal dei ulike klassane velje seg ut punkter dei skal bli betre på.

Sandnesskolen sendte notat til Fylkesmannen, 31.10.18, om arbeidet vårt for å forbetre mellom anna nasjonale prøvar og elevundersøkinga. Forsand skule har takka nei til ekstern vegleiing for å snu denne utviklinga. Dette er begrunna med samarbeidet med Sandnesskolen og deira stasning mht auka læring på alle nivå.

Tal frå siste elevundersøking, haust 2018, gir inga grunn til bekymring. Det har dei siste 3 åra vore ei positiv endring på alle punkt i undersøkinga. Skulen jobbar jamt med punkta i undersøkinga, og vil at resultatane skal bli enno betre. Skulen er godt i gang med endringsarbeidet.

Sak 17/18 Foreldreundersøkinga

- Fau har saman med Sandnesskolen bestemt kva spørsmål som skal svarast på.
- Brukarnamn blir delt ut i utviklingssamtalar.
- Det er ønskje om lenke på heimesida.
- Foreldreundersøkinga er open til ut desember.
- FAU og klassekontaktar legg ut påminning om undersøkinga på klasesider.

Sak 18/18 Eventuelt

Rektor informerer:

- Mediateket på skulen skal bli mala og det vil kome ulike sitat på vegger.
- Det kjem ny sofa i mediatek, i gang ved mjølkeskap og i aktivitetsrom. Desse skal mellom anna bli brukt som lesestolar.
- Småskulen og mellomtrinnet får ein venebank i skulegarden etter ønskje frå det utvida elevrådet.

I dei neste møta skal vi ha med punkt frå elevråd og utvida elevråd.

Forsand 19.11.2018

Referent Katrin Persche